



## Flyktningkonsulent på plass

**AUSTRHEIM:** Kommunen har bestemt at dei skal ta imot og integrera 15 flyktningar, og til å førebu og gjennomføra dette er ein flyktning-konsulent tilsett. Han er sjølv amerikanar, og ber namnet Ian Percy. Kommunen har ikkje nok ledige bustader, og Percy er difor interessert i å koma i kontakt med folk som har ledige bustader. Mail: [ian.percy@austrheim.kommune.no](mailto:ian.percy@austrheim.kommune.no).



## Gripen av Havfolket

**RADØY:** I morgon opnar Vestnorsk utvandrings-senter utstillinga Gripen av Havfolket, med fotografi av den amerikanske fotografen Robert A. Robinson. Robinson dokumenterte etterkrigstida sine menneske, og kystkultur i Norge. Første-konservator ved Kystmuseet, Musea i Sogn og Fjordane, Bjørn Fjellheim, held føredrag under opninga. Musikalske tonar frå Gabriel Fliflet.



## Du kan røysta frå mandag

**GULEN:** Komande mandag startar den ordinære førehandsrøystinga til stortingsvalet. Du kan førehandsrøysta fram til 6. september. I Gulen kan du røysta på kommunehuset i Eivindvik i heile perioden. Kommunen tek også imot førehandsrøyster på sjukeheimen og på bu- og omsorgssentera i Brekke, på Dalsøyra og på Byrknes, melder kommunen på eigne nettsider.

# – Ikkje godt nok samband

Politiet i Nordhordland innrømmer at dei ikkje har godt nok samband til å takla ein tunnelbrann i dei lengste tunnelane på E39.

YNGVE GAREN SVARDAL  
[yngve.svardal@nordhordland.no](mailto:yngve.svardal@nordhordland.no)

Per i dag er det 20 tunnelar mellom Oppedal og Knarvik med ei samla lengd på over 21,2 kilometer.

Tunnelbrannar er noko vi tenkjer på, og må vera rusta mot, seier Kjell Idar Vangberg ved Nordhordland lensmannskontor til Nh.

### – Farepotensial i tunnelane

Denne veka byrja som kjent eit vogntog å brenna i Gudvangatunnelen i Sogn og Fjordane. Heile 77 personar måtte evakuerast ut av tunnelen på grunn av dei enorme røykmengdene, og framleis fleire personar på sjukehus med alvorlege skader.

Det er eit farepotensial i tunnelane våre, særleg dei lange, seier Vangberg.

Fire av tunnelane på strekket er over 1,5 kilometer lange. Dei to



**FORFERDELEG SCENARIO:** Det utbrente vraket av lastebilen som mandag forårsaka brannen i Gudvangtunnelen, fotografert av brannsjef Arvid Gilje i Aurland brannvesen. Tunnelen har fått store skader, og enno ligg folk på sjukehus etter brannen, som heldigvis ikkje tok menneskeliv. (Foto: Arvid Gilje/BA/ANB)

lengste er Masfjordtunnelen og Eikefettunnelen på høvesvis 4,1 og 4,9 kilometer kvar.

Under brannen i Gudvangatunnelen melder NRK at brannvesenet måtte bruka mobiltelefonar og walkietalkie under redningsarbeidet, og mangelen på naudsamband gjorde redningsarbeidet vanskelegare.

### Nytt naudsamband

Til neste haust vert det nye naud-

sambandet innført på Vestlandet. Men dei fleste tunnelane i Nordhordland vil ikkje nytta godt av det, då trafikken er for liten gjennom dei.

For å få på plass naudnett må tunnelane vera lenger enn 500 meter og ha ein trafikk på meir enn 4000 køyretøy i døge-ret, kjend som årsdøgntrafikk (ådt).

Eikefettunnelen har 2000 i ådt og Masfjordtunnelen 1820.

Men tunnelar som alt i dag har samband for naudetatane vil og få det nye naudnettet. Vert det bygd nye tunnelar over 500

meter, får dei automatisk det nye naudnettet.

Les meir om saka på våre nettsider, [www.nordhordland.no](http://www.nordhordland.no).

**MOTOR SENTERET**  
Alt til bilen

Import/Engros - Butikk

Bildeler  
Slidedeler  
Karosseri  
Rust-primer og lakk  
Verktøy  
Rekvisita  
Bilstereo  
MC-deler  
MC-rekvisita



LIQUIMOLY®  
Kvalitetsmerke for  
Oljer/smøremidler  
Additiver  
Bil-pleie  
Kjemi

Kvassnesvegen 11 Knarvik Sentrum - 5914 Isdalstø  
Tlf. 56 35 74 35 - Fax. 56 35 74 37 - Epost: [post@mcenteret.no](mailto:post@mcenteret.no)  
[www.mcenteret.no](http://www.mcenteret.no)  
LIQUIMOLY: [www.liqui-moly.de](http://www.liqui-moly.de)  
Åpningstider: Man-fre 08.30-18.00 • Lø. 10-00-16.00

Vestnorsk utvandrings-senter  
MUSEUMSENTERET i Hordaland

## GRIPEN AV HAVFOLKET

Fotografi av Robert A. Robinson

UTSTILLINGSOPNING  
SUNDAG 11. AUGUST KL. 13.00

Opningskonsert med Gabriel Fliflet  
Opningsføredrag ved  
Bjørn Fjellheim, førstekonservator ved  
Kystmuseet i Sogn og Fjordane  
Lett servering. Gratis inngang på opningsdagen.

KORLEIS LEVER FOLK LANGS KYSTEN I DAG?  
TA BILETE MED INSTAGRAM OG MERK DEI MED:

#HAVFOLK2013

Utstillinga er open kvar sundag ut september. Kontakt senteret for tinging av gruppeomvising.


Vestnorsk utvandrings-senter 5939 Sletta  
[vestnorsk.utvandrings-senter@muho.no](mailto:vestnorsk.utvandrings-senter@muho.no)  
tlf. 55 25 18 09/970 47 990

utvandrings-senteret [www.muho.no](http://www.muho.no)



**Tilbud RIDESKOLE-start!**

Se over utstyret ditt for rideskolestart. Hos oss finner du alt du trenger! Mange gode tilbud i butikken, og i vårt nye sortiment for høsten finner du noe for både rytter, hest og hund!



Gjelder t.o.m. 21.8 eller så langt lageret rekker. Kan ikke kombineres med andre tilbud.

Gullgruven Senter - Bergen  
[www.hooks.no](http://www.hooks.no)  
Ma-Fre 10-20, Lø 10-18

**Hooks**  
Alt til rytter, hest og hund